

Scenetreff Vest: LØRDAG kl. 11.30–16.30

Velg mellom:

1. **FYSISK TEATER** – Wilhelm Støylen
2. **SKUESPILLERTEKNIKK** – Jeff Pedersen
3. **FORMIDLING GJENNOM SANG** – Michael Pavelich

NB: Kursene går parallelt, slik at man deltar på ett kurs hver av dagene. Ved påmelding må man opplyse hvilket kurs man ønsker henholdsvis lørdagen og søndagen, og en prioritering hvis man ikke får plass på førstevalget.

1. FYSISK TEATER

Med Wilhelm Støylen

Kurset vil sette fokus på prinsipper som kan hjelpe ein utøver til å lytte med heile kroppen i søken etter eit uttrykk som talar direkte til sansane:

- Kropp i samspel: – å skape i kontakt – arbeid med partner – ensemblearbeid
- Fysisk tilnærming til tekstarbeid
- Nærvær: korleis kan alle vere like til stades på ei scene samtidig?
- Stemmebruk: både teknikkar og improvisasjonsøving med mål om å finne nye uttrykk
- Kroppens språk: – impulsar – det umiddelbare
- Humor som kontrapunkt: Humor er viktig, også i tragedie

Kurset passar for skodespelarar, dansarar, musikarar og andre kunstnarar.

Det er ingen krav til spesiell erfaring.

Førebuing: Finn ein tekst du har lyst til å jobbe med og lær den utanatt før du kjem!

Kle: Komfortable kle som passar til fysisk aktivitet. Gjerne nøytrale fargar.

Wilhelm Støylen har jobba som skodespelar for Riksteatret, Barneteatret Vårt, Sogn og Fjordane teater, Teater Joker, Teater Grimsborken, Teater Tramp og fleire andre teatergrupper i inn- og utland. For tida jobbar han som programskapar i NRK Super og har regi på dokumentarseriane *Bli med heim*, *Klart eg kan* og *Eg går på*. Eit viktig grunnprinsipp i hans arbeid er søken etter måtar å lytte med heile kroppen, der fysisk uttrykk og musikalitet går hand i hand. I verktøykassa har han erfaring frå teaterkompani som jobbar med skodespelaren i sentrum for kreasjon og som gjer research i teaterteknikk over lengre tid. Det handlar om å kalibrere instrumenta sine; kroppen og stemma, slik at ein kan skape nære og levande teateraugneblick. Støylen har mellom anna jobba og/eller trena med Double Edge Theatre (MA, USA), Odin Teatret (DK), Institut for Scenkonst (Sverige), Artus (Ungarn), Gardzienice (Polen), Song of the Goat Theatre (Polen) og Traslapo Teatro (Mexico). Wilhelm Støylen har skodespelarutdanning frå Royal Scottish Academy of Music and Drama og masterstudie i fysisk teater hos Manchester Metropolitan University.

